

Notat

Prosjekt: 18326
Sak: Reguleringsplan for Hardanger Lift
Dato: 03.06.2022

Gjennomgang av kommunens punkter med forslagsstillars kommentar

Dette notatet er ein punktvis gjennomgang av kommunens attendemelding til planforslaget, datert 28.04.2022. I kommunens attendemelding var det to påpeikt to manglar og ein del tilrådde endringar.

Dei nummererte punkta i dette notatet viser direkte til kommunen attendemelding. Forslagsstillars kommentar følger under kvart enkelt punkt.

Må-punkt (manglar ved planforslaget)

1. Etter at det er utarbeidd aktsemdkart for områder i Sørfjorden som kan verte ramma av ei flodbølge etter fjellskred stettar ikkje planforslaget byggteknisk forskrift § 7-4. Kommunen vil kome tilbake med meir informasjon knytt til dette punktet i dialogmøtet som skal gjennomførast.

Kommentar: Dette er teke til følgje. Aktsemdskart flodbølge S3 er vurdert i ROS-analyse og det er innarbeidd faresone H310_12 i plankartet med tilhøyrande føresegn punkt 4.1.

2. Alternativ vurdering etter § 19 i forskrift om konsekvensutredninger kan vi ikkje sjå at er gjennomført. Vi vurderer at planforslaget ikkje kan leggjast fram så lenge det ikkje stettar krava i forskrifta. I planprogrammet går følgjande fram i punkt 5.1.3:
Alternativvurdering for lokalisering av gondolbane: Eit viktig element i arbeidet er å vurdere relevant og realistisk alternativ for lokalisering av gondolbane. Konsekvensane av forslag til område skal vurderast i følgjande fagtema: Landskapsbilete, friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø, naturressursar, born og unge, infrastruktur/transportbehov, sentrumsutvikling, naturfare og eksisterande naboar/busetnad. Ein har førebels peika ut to alternative plasseringar: Eidesnuten og Møyfallsnuten. Konsekvens av forslag til lokalisering skal vurderast ut i frå verdi, omfang og konsekvens, og byggjer på eksisterande kunnskapsgrunnlag.

Kommentar: Dette er teke til følgje. Det er utarbeidd eit nytt vedlegg til planforslaget; KU Alternativvurderinger etter KU-forskrifta § 19, 27.05.2022. Vedlegget er kort omtalt i planomtalen kap. 7.1.

Tilrådingar (tilråding om endring av planframlegget)

1. Føresegnene § 6.2:
 - a. Føresegn om miljøovervaking er for uklar. Det er ok at det skal lagast ein plan for dette, men vi meiner at føresegnene må vere meir forpliktande.

- i. Det må framgå kven som pliktar å drifte miljøovervakinga (forslag: baneigar)
 - ii. Det må framgå kven som er forvaltninga som skal ta stilling til rapporteringa frå miljøovervåkinga. (forslag kommunen i samspel med villreinnemnd)
 - iii. Det må framgå kva som skal rapporterast i overvakinga. (forslag: antall langturturistar og villreinobservasjonar/gps-sporingar)
 - iv. Det må framgå kor ofte det skal rapporterast (forslag kvar 3. månad)
 - v. Det må framgå heilt tydeleg kva tiltak myndigheita kan setja i verk, dersom situasjonen er vurdert til å vere uaktseptabel. (forslag: stenging i periodar på inntil 2 veker, samt særskilt informasjon, samt restriksjonar på utstyr som reisande kan ta med i gondolen).
- b. Mogleg med føresegn om forbod mot telting i naturvernområdet.
 - c. Forslag: Føresegn om at det ikkje er tillate med utstyr for langtur, ski, kiting, sykkel, telt m.m. i perioden 01.05-10.06 (turisthytter er stengt i denne perioden no).
 - d. Føresegn om situasjonsplan bør vise til konkrete arealføremål og ikkje t. d. "tilkomst".

Kommentar: Dette er teke til følgje. Føresegnene i planforslaget er revidert, og punktene 1a-d er vurdert og i stor grad innarbeidd etter kommunens tilråding. Forslagsstillar ønskjer ikkje å innarbeide 1-a-v om stenging slik som foreslått, men er open for å drøfte dette opp mot den samla effekten av foreslåtte føresegner som gjeld miljøovervaking og tiltak for styring av ferdsel. Endringane i planforslaget er gjort i føresegnene punkt 2 om styring av ferdsel (§ 12-7 nr.12).

2. Føresegnene § 3.1 om BAS1:

- a. Skal det leggjast til rette for hotell? I føresegnene er det ikkje opning for det, men i planomtalen går det fram at det kan etablerast hotell.
- b. Punkt om avfallshandtering: sjå punkt om renovasjon.
- c. Punkt om handikap-parkering: det står tilstrekkeleg? Her bør det gå fram eit tal, og det bør gå fram at dei skal plasserast så nærme som mogleg (akseptabel avstand).
- d. Punkt om parkering: bør omformulerast, no går det fram som at desse 90 plassane skal etablerast innanfor føremålet BAS1. Vil tilrå at det vert lagt inn at det skal etablerast 90 parkeringsplassar i ein avstand innanfor 400 m til BAS1. Desse parkeringsplassane skal vere offentleg tilgjengelege.
- e. Vil vil tilrå at det vert lagt inn at det skal etablerast 3 plassar for turbussar i ein avstand til 4 km til BAS1.
- f. Punkt om sykkelparkering: bør gå fram kor desse skal etablerast.
- g. Vi kan ikkje sjå at det er gjort ei vurdering av behovet for parkering for funksjonane det vert lagt til rette for utover gondolen. Dette bør gjerast, og eit eventuelt behov må gå fram av planen.

Kommentar: Dette er teke til etterretning. Føresegnene i planforslaget er revidert, og punktene 2 a-f er innarbeidd i føresegnene pkt. 3.1, jf- også rekkefølgeføresegnene pkt. 6. Punkt 2 g er etter forslagsstillars vurdert på tilfredsstillande nivå i planforslagets vedlegg; trafikk- og parkeringsanalyse Hardanger lift, datert 30.09.2021., og har ikkje ført til endring av planforslaget.

3. Føresegnene § 3.1 om BAA:

- a. Vi vil tilrå at føremålet vert delt inn i t. d. BAA1 og BAA2 med eigne føresegner etter kva som skal førast opp som t. d. "hovudbygget" og servicebygget, teknisk anlegg m.m.

Kommentar: Forslagsstillar vurderer at arealformålet BAA (området for toppstasjon) er detaljert i tilstrekkeleg grad, og har ikkje ført til endring av planforslaget. Det er ikkje ønskjeleg at reguleringsplanen innfører ein slik detaljeringsgrad, da ein del av disse problemstillingane må vurderast nærmare i forprosjekt- og detaljprosjekteringsfase.

- b. Det går fram: *Det skal innanfor føremålet etablerast tydelege skilje mellom område som er opne for ferdsle og område der ferdsle skjer på eige ansvar. Det er høve til å setje opp gjerde, for å sikre område som er opne for ferdsle.* Vi vil tilrå at det vert presisert kva som er område som er opne for ferdsle og kva område som er der ferdsle skjer på eige ansvar.

Kommentar: Forslagsstillar viser til formåls grensene mellom arealformål som omhandlar bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1) og andre formål. Dei generelle tekniske krava jf TEK17 gjeld for bygningar og anlegg. Punktet har ikkje ført til endring av planforslaget.

- c. Det bør og gå fram kor det skal setjast opp gjerder. Dette bør og setjast som rekkjefølgjekrav.

Kommentar: Same kommentar som 3b.

- d. Det bør og gå fram kva som skal vere universelt utforma og kva som ikkje skal vere det, og kvifor ikkje.

Kommentar: Forslagsstillar vurderer at universell utforming er detaljert i tilstrekkeleg grad. Bygning og andre plassbygde installasjonar tilrettelagt for publikum vil verte tilrettelagt for universell utforming, jf. generelle tekniske krav i TEK17. Problemstillinga må vurderast nærmare i forprosjekt- og detaljprosjekteringsfase, og har ikkje ført til endring av planforslaget.

- e. Vi vil og her tilrå at det vert konkretisert estetikk og utforming for kva som skal byggjast, og desse føresegnene må følgje kvart einskild bygg, sjå elles punkt 10. I tillegg vurderer vi at type tak og type vindauge (t. d. vurdering rundt bruk av reflekterande materiale må vurderast, og kva som er lov/ ikkje lov må gå fram av føresegnene), om det skal opnast for solcellepanel på tak/ vegg, om det skal vere anna utsmykking på fasade? Det bør og gå fram at mastepunkt skal etablerast inni bygget på toppstasjon (integrert tekniske anlegg). Av planskildringa går dette fram som eit av dei avbøtande tiltaka i høve landskap, og det er difor viktig at dette vert sikra i føresegnene.

Kommentar: Forslagsstillar vurderer at føresegnene om estetikk og utforming er detaljert i tilstrekkeleg grad, og har ikkje ført til endring av planforslaget. Det er ikkje ønskjeleg at reguleringsplanen innfører ein slik detaljeringsgrad, da ein del av disse problemstillingane må vurderast nærmare i forprosjekt- og detaljprosjekteringsfase. Det er teke inn ein føresegn som opnar for etablering av solcelle på tak og fasade, som ein integrert del av bygning.

- f. Det bør leggjast inn føresegner for renovasjon knytt til bygget og eventuell renovasjon knytt til nærområdet. Her bør det og setjast krav til utforming.

Kommentar: Reguleringsføresegnene om renovasjon er omarbeidd i føresegnene. Det er lagt til eit rekkjefølgjekrav om etablering av system for renovasjonshandtering frå toppstasjon og pendelbane i 6.3, samt innarbeidd fellesføresegnene pkt. 2, om renovasjon.

4. Vi vil tilrå at de nummererer føresegnene som t. d. 1.1 og 1.2 osv, i staden for å nytte strekpunkt eller prikkpunkt.

Kommentar: Redaksjonell problemstilling. Punktet har ikkje ført til endring av planforslaget.

5. Føresegnene § 2 om estetisk utforming: Uklare føresegner, vi vil tilrå at dei vert konkretiserte.
Kommentar: Same kommentar som 3e.
6. Føresegnene § 2 om skilting: Uklare føresegner. Utforming av skilt skal godkjennast av kommunen.
Kommentar: Føresegna er omarbeidd og teke inn i føresengnene om styring av ferdsel (§ 12-7 nr.12) pkt. 2, og til det enkelte bygge-og anleggsformål.
7. Føresegnene § 2 om klimabelastning: Kva er meint her? Om det er dimensjonering ut over TEK17 må det gå fram kva? Om det er TEK17 det er vist til skal ikkje dette gå fram av føresegnene då lov og forskrift gjeld uavhengig av føresegnene.
Kommentar: Føresegna er teke ut, og behandlast av gjeldande krav i TEK17.
8. Føresegnene § 2 punkt om renovasjon: Det skal leggjast til rette for nedgravde løysingar og desse bør visast i eige føremål i plankartet (evt. gå fram at det er opning for det i andre føremål), med tilhøyrande føresegner. Det må og sikrast at større køyretøy kjem til og kan snu. Under er eit døme på føresegner knytt til renovasjon henta frå ein anna reguleringsplan: *Innanfor området f_R1-2 skal det leggjast til rette for kjeldesortering i 5 fraksjonar. I f_R1 skal det leggjast til rette nedgraven renovasjonsløysing. Nedkasta i R1 skal vera tilgjengelege for rørslehemma. F_R2 skal nyttast til oppstillingsplass for avfallskontainarar. Renovasjonsbil skal ha tilkomst for henting frå bakgata, Tyssealsvegen, via vegen Smelteverket.* Vi vil vidare tilrå at det vert vurdert om denne løysinga kan fungere for fleire bygg i området, og at den henvender seg mot offentleg parkeringsplass og kollektivterminal. For handtering av avfall på toppstasjon vil vi tilrå at det går fram i føresegnene korleis dette skal løysast, som t. d. i eige bygg eller i eige rom i bygg.
Kommentar: Same kommentar som 3f.
9. Føresegnene § 2 om verneverdiar... Dette er ei føresegn utan direkte juridisk binding. Kan såleis takast ut.
Kommentar: Føresegna er teke ut.
10. Føresegnene § 2 punkt om byggjegranser: Vi vil tilrå at det vert lagt inn byggjegranser i plankartet der de veit kor tiltak skal plasserast, og om dette framleis er usikkert vil vi tilrå at det vert lagt inn i føresegnene at byggjegransa er i føremålgrensa. Vidare skal ikkje krav gjennom lov og forskrift, grad av utnytting o.l. vere i føresegnene, og vi vil difor tilrå at dette vert fjerna.
Kommentar: Forslagsstillar viser til formålsgrensene mellom arealformål som omhandlar bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1) og andre formål. Dei generelle tekniske krava jf TEK17 gjeld for bygningar og anlegg.
11. Føresegnene § 2 punkt om miljøkvalitet: I første punkt om forureining går det fram avbøtande tiltak. Er det mogleg å utdjupe dette?
Kommentar: Denne delen av fellesføresegnene er teke ut og erstatta av eit rekkefølgekrav i punkt 6.1, med krav om godkjent tiltaksplan for handtering av forureina massar

12. Føresegnene § 2 punkt om samfunnstryggleik: Noko uklare føresegner om kva tiltak og kor dette gjeld. Fjern TEK17.
Kommentar: Føresegna er behalde, og det er omarbeidd føresegner til faresoner i plankartet med tilhøyrande føresegn punkt 4.1, iht. gjeldande krav i TEK17.
13. Føresegnene § 3.2 Samferdselsanlegg...: *Det er høve til mindre justeringar av veg, gatetun-, gangvegtrase og baneformål dersom ein gjennom detaljklaringar i prosjekteringa finn løysingar som gir mindre inngrep, betre arealdisponering, eller betre trafikkale løysingar.* Denne er uheldig. Om det skal gjerast endringar må det søkjast om dette og om det vil gå ut over føremål må det søkjast dispensasjon. Vi vil tilrå at denne delen av føresegna vert fjerna. Det same gjeld punktet om o_SGS1-3 og o_SS, der det vert opna for justeringar. For føresegn om o_SV1 og o_SKV1-5 er det reguleringsplan og ikkje kommuneplan det skal visast til.
Kommentar: Dette er teke til følgje, omarbeidd føresegnene pkt. 3.2.
14. Føresegnene § 3.3 Gronstruktur: Bør det gå fram kva type dekke? *Detaljplan for opparbeiding av universell turveg skal leggjast fram for plan og bygningsmynde for uttale før arbeid kan påbegynnast.* Denne delen av føresegna er uheldig. Tiltaket er søknadspliktig? Vi vil tilrå at denne setningen vert fjerna. Vi vil og tilrå at det vert presisert kva som er opne område for ferdsle og kva som er område med ferdsle på eige ansvar, som og nemnt under punkt 11.
Kommentar: Forslagsstillar vurderer at universell uforming er detaljert i tilstrekkeleg grad jf. generelle tekniske krav i TEK17. Mindre justering av føresegnene pkt. 3.3.
15. Føresegnene § 3.4 om LN1-2: Uklar føresegn. For lite konkret. Det er ikkje naturvernområde i dag, bør endre formuleringa om at dette vert vidareført? *I området er det lagt restriksjonar på bruken med omsyn til arealformålet og formål som strekk seg utanfor planområdet.* Er denne setningen noko uklar? Og bør det stå noko om restriksjonar for ferdsle?
Kommentar: Dette er teke til følgje. Føresegnene i planforslaget er revidert i føresegner pkt. 2, om styring av ferdsel (§ 12-7 nr.12).
16. Føresegnene § 5: Føresegnsområde # 1-2: Vi vil tilrå at det vert lagt inn ei formulering om revegetering med stadlege massar.
Kommentar: Dette er teke til følgje. Føresegnene pkt. 5.1 er justert. Anleggs- og driftsvegen ligge permanent, men bruken skal vera avgrensa til naudsynt anleggs- og driftsoppgåver, og elles bruk som turdrag.
17. Føresegnene § 6 Rekkjefølgjeføresegner: Godkjent teknisk plan: Dette bør leggjast til: "Planen godkjennes av avdeling for vann og avløp i kommunen, og må være utarbeidet i tråd med gjeldende kommunale retningslinjer for tekniske planer. Behov for- og løysning for slukkevann må være basert på brannteknisk prosjektering." Eventuell krav til godkjent teknisk plan for veg og park vil verte ettersendt/ evt. kjem vi tilbake til i dialogmøtet.
Kommentar: Dette er teke til følgje Føresegnene pkt. 6.1 er justert.
18. Føresegnene § 6.3: Vi vil tilrå at denne føresegna vert omformulert slik at det går fram konkrete tiltak som skal vere ferdig opparbeidd før det kan verte gitt løyve til tiltak, som t. d. GTD skal vere ferdig opparbeid i tråd med føresegn xxx før det kan verte gitt bruksløyve for tiltak innanfor BAA (berre eit døme). Vil og tilrå at etablering av parkering vert sett som rekkjefølgjekrav.
Kommentar: Dette er teke til følgje. Føresegnene pkt. 6.1 er justert.

19. Vi vil tilrå at det vert lagt inn ei generell føresegn knytt til kulturminne. Forslag henta frå anna plan: *Dersom det under arbeid eller annan verksemd i planområdet kjem fram gjenstandar eller restar som syner eldre aktivitet i området, skal arbeidet straks stansast og kulturminnemynde varslast jf. lov om kulturminne § 8 2. ledd.*
Kommentar: Dette er teke til følgje. Føresegnene pkt. 4.2 er justert.
20. Tiltaksplan for handtering av forureina massar bør liggje føre før det kan verte gitt rammeløyve?
Kommentar: Same kommentar som 11.
21. Utomhusplan (Utomhusplan som skal byggje på skisseprosjekt datert 20.01.22 bør liggje føre før det kan verte gitt rammeløyve?
Kommentar: Dette er teke til følgje. Føresegnene pkt. 3.1 viser til at skisseprosjektet skal nyttast som retningsgivande plandokument.
22. Vi kan ikkje sjå at det er opning for å etablere tiltak knytt til infrastruktur i området mot Freimsstølen som tidlegare har vore diskutert. Om det skal opnast for dette må dette sikra gjennom kart og føresegner, t. d. gjennom eit føresegnsområde?
Kommentar: Forslagsstillar vurderar at forslag til løysningar for infrastruktur er utgreidd på ein tilfredsstillande nivå i planforslaget. Revidert i\og meir utfyllande VA-plan er vedlegg til planforslaget. Planforslaget må behalde alternative løysingar for utførelse, som skal vurderast nærmare i forprosjekt- og detaljprosjekteringsfase. Tiltaksområdet strekk seg utanfor plangrensa og må løysast som dispensasjon.
23. Vi vil tilrå at skildring av parkering vert omformulert i planskildringa. Vi kan ikkje fastsetje i denne planen kor desse parkeringsplassane skal etablerast, då det vil vere forskutting av nytt planarbeid/ evt. dispensasjon. Vi kan ikkje sjå at det i reguleringsplan for Hjøllo Camping er lagt til rette for tre bussoppstillingsplassar, og tenkjer dette og er ei uheldig formulering.
Kommentar: Same kommentar som 2.
24. I planomtalen punkt 1.3.2 går det fram at det skal etablerast anleggsveg, det må presiserast at denne er midlertidig slik det går fram av føresegnene.
Kommentar: Same kommentar som 16.
25. I planomtalen punkt 1. 3. 4 går det fram at det kan preparerast løyper innanfor planområdet. Dette bør presiserast noko, og evt gå fram av føresegnene. Vi vurderer at opning for å preparer skiløyper kan invitere til meir ferdsel.
Kommentar: Dette er teke til følgje. Teke inn i føresegnene pkt. 3.3, avgrensa til nærturstigen på toppen og opptil 50 meter til sida for denne.
26. Planomtalen punkt 6.2.1: Bør gå fram ei vurdering om kvifor ein landar på tryggleiksklasse F2.
Kommentar: Forslagsstillar viser til KU Samfunnsikkerheit (ROS-analyse), datert 28.05.2022, som vedlegg til planforslaget.
27. Planomtalen punkt 6.5.3 om estetisk kvalitet. Vi vil tilrå at dette punktet vert konkretisert i samsvar med føresegnene.
Kommentar: Same kommentar som 3e.

28. Mellombels landingsplass for helikopter, skal denne opparbeidast? Bør det leggjast inn eit mellombels bygge- og anleggsområde for toppstasjon og?
Kommentar: Helikopterlandingsplass må plasserast innanfor byggeområde. Det er gjort ei mindre justering av formålsgrensa til BAA (område for toppstasjon), og justering i føresegnene pkt. 3.1.
29. Oppføring av skilt bør setjast som rekkjefølgjekrav (kor og korleis). Andre tiltak i nærløypa bør og setjast som krav, jf. Plan for styring av ferdsel. (Så mange som mogleg av konkrete tiltak i Plan for styring av ferdsel bør inn som krav.)
Kommentar: Same kommentar som 1. Skilting/informasjon er problemstillingar som må vurderast nærmare i forprosjekt- og detaljprosjekteringsfase.
30. Skilt på bygg - skal det vere lys i skilta eller på skilta?
Kommentar: Same kommentar som 29.
31. Må leggjast inn i føresegnene at lysplan for smelteverkstomta skal følgjast.
Kommentar: Dette er teke til følgje. Teke inn i føresegnene pkt. 3.1.
32. Føresegnene: Endre frå Hordaland fylkeskommune til Vestland fylkeskommune.
Kommentar: Redaksjonell problemstilling som er justert i pkt 3.2.
33. Vi vil tilrå at det vert lagt inn rekkjefølgjekrav knytt til opparbeiding av aktivitetspark, o_GKG1-3: o_GKG1-3 skal vere ferdig opparbeidd i tråd med konseptskisse utarbeid av Snøhetta 2021/2022. Eventuell alternativ utforming skal godkjennast av kommunen si eigedomsavdeling.
Kommentar: Forslagsstillar viser til parallelle prosessar med planar for aktivitetsparken. Planane er compatible med planforslaget sine formål og opnar for dette, men forslagsstillar ønskjer ikkje dette som rekkefølgjekrav.
34. Planprogram: Samfunnskonsensar: *I kor stor grad vil bruk av lokale tjenester utgjere for dei forskjellige gruppene. Turisme i sentrum og ellers lokalt, samt ulemper for lokalbefolkninga må greiast ut.* Vi vurderer at dette ikkje er svart godt nok ut.
Kommentar: Forslagsstillar viser til KU Samfunnsverknader - forretningside og ringverknader, datert 18.01.2022, og vurderer at samfunnskonsensar er utgreidd på ein tilfredsstillande nivå i planforslaget.
35. KU-landskap: Vi kan ikkje sjå at bruk av lys på Rossnos og langs traseen (planprogram punkt 6.1) er vurdert.
Kommentar: Forslagsstillar viser til revidert KU Landskap, datert 24.05.2022, og det er teke inn ein ny føresegn vedr. lys i pkt 3.1.
36. Vurdering av VA-løysing ligg vedlagt.
Kommentar. Forslagsstillar viser til revidert plandokument; Foreløpig VA-plan - Rossnos, datert 27.05.2022 , og endringar i planomtalen.
37. Kan det setjast krav i planen om at varden skal sikrast? (Etter tilbakemelding etter ark. reg.)
Kommentar: Dette er teke til følgje. Teke inn i føresegnene pkt. 3.1.
38. Vurdering brann og beredskap: Sjå vedlagt eige dokument.
Kommentar: Forslagsstillar viser til nytt vedlegg til planforslaget; Brannteknisk notat for toppstasjon/restaurantbygg, persontryggleik, 28.05.2022 og generelle oppdateringar

i KU Samfunnsikkerheit (ROS-analyse), datert 28.05.2022

39. Vi vil tilrå at det vert lagt inn føresegn om at området der vognene kan vere tilgjengelege ved innkøyring/ utkøyring må sikrast.

Kommentar: Forslagsstillar viser til nytt vedlegg til planforslaget; Brannteknisk notat for toppstasjon/restaurantbygg, persontryggleik, 28.05.2022 og generelle oppdateringar i KU Samfunnsikkerheit (ROS-analyse), datert 28.05.2022. Problemstillinga skal vurderast nærmare i forprosjekt- og detaljprosjekteringsfase, iht. gjeldande krav i TEK17, og krav gitt gjennom driftsløyve etter taubaneforskrifta.

Tilrådingar VA-plan (tilråding om endring av planframlegget)

Forbruksvann

Vannforsyning er basert på grunnvann fra brønner lokalisert i område ved planlagt toppstasjon. Avdeling vann og avløp (VA) har ingen merknader til planlagt løsning for vannforsyning.

Avløpsvann

Det er fremsatt tre alternative løsninger for avløp. Alternativ 1 og 2 vurderes, i varierende grad, å kunne medføre påvirkning av miljø og drikkevannskilde. Alternativ 3 vurderes som sikreste løsning. Status for utredning av de tre forslagene er oppgitt som innledende.

Alternativ 1. Renseanlegg ved toppstasjon, overføring til infiltrasjon og avrenning til Freimselva.

Vurdering. Det antas å være utfordringer ifbm helårsdrift av anlegg under krevende klimatiske forhold ved toppstasjon på Rossnos, uten motorisert tilkomst. Detaljer rundt hvordan driftstilsyn, slamtømming mm er tenkt gjennomført fremgår ikke av den foreløpige utredningen. Kontinuerlig driftssikkerhet for reinse- og infiltrasjonsanlegget vil være av avgjørende betydning, hendelser som medfører nedsatt funksjon, mm, vil normalt ikke kunne utelukkes. Avløpstrasé ned mot Freim / infiltrasjonsanlegg berører friluftsområde, og Freimselva passerer gjennom boligområde - med påfølgende lav terskel for sjenanse ved eventuelle avvik. Ullensvang kommune avdeling VA vil ta endelig stilling til alternativet dersom utslippstillatelse for denne løsningen blir omsøkt.

Alternativ 2. Renseanlegg ved toppstasjon med utslipp på dypvann i Sandvinvatnet, alternativet inkluderer ikke "etterpolering"/ filtrering.

Vurdering. Grunnvann fra Sandvinvatnet er, via brønner på Jordal og vannverket på Åstød, hoved-drikkevannskilde for Odda sentrum. Sandvinvatnet er òg reservevannkilde for drikkevann i kommunen. Ullensvang kommune avdeling VA stiller seg svært tvilende til om en eventuell søknad om utslippstillatelse for dette alternativet vil kunne godkjennes.

Alternativ 3. Ubehandlet avløpsvann vil, på et egnet sted (påkoblingspunkt utredes nærmere), tilknyttes kommunal avløpsledning.

Vurdering. Avløpsvann vil bli ført til behandling ved det kommunale renseanlegget på Holmen, tilført mengde er oppgitt til 40 m³ per døgn. Dagens kapasitet på avløpsledning, pumpestasjon og renseanlegg vurderes som tilstrekkelig. Antatt sikreste alternativ mht konsekvenser av eventuelle uforutsette hendelser. I en foreløpig vurdering basert på tilgjengelig materiale, ser Ullensvang kommune avdeling VA denne løsningen som det beste alternativet.

Kommentar. Forslagsstillar viser til revidert plandokument; Foreløpig VA-plan - Rossnos, datert 27.05.2022, og endringar i planomtalen.

Tilrådingar Brann - beredskap (tilråding om endring av planframlegget)

Ullensvang brann og redning forutsetter at det blir utarbeidet et brannkonsept for bygninger i prosjektet.

Tilkomst og slokkevann

Brannkonseptet må blant annet vurdere tilkomst for brannvesenet og tilgang på slokkevann på Rossnos. (krav i TEK 17) Brann/ulykkesberedskap når ikke nødetater har tilgang til Rossnos? (stopp i pendelbane samtidig med ikke flyvær?)

Rømning til sikkert sted

Det må også gå fram av brannkonseptet hvor publikum (inntil 450 personer) skal rømme ved brann i bygning (er) på Rossnos. Hvor er sikkert sted når det ikke er mulig å oppholde seg utendørs pga værforhold? (Veiledning til TEK17 §11-13 Med sikkert sted menes et område hvor de kritiske forholdene det er evakuert fra, ikke er en trussel for mennesker og dyr. Dette er vanligvis på terrenget i tilstrekkelig avstand fra brannobjektet, eller i en annen brannseksjon.)

Bruk av hydrogen

Eventuell bruk av hydrogen må tas inn i brannkonsept og tilfredsstillende krav i forskrift om håndtering av farlig stoff.

Beredskap

Vi vurderer at brann og beredskap ikkje er tilstrekkeleg utgreidd i planforslaget som er sendt inn.

Det er ynskjeleg at det vert greia ut ansvar ut over gondolen. T. d. kor stoppar ansvaret når folk forlatar gondolen eller anlegget?

Tiltak knytt til redning må og sikrast i planen. Det må og gjerast vurderingar rundt kor lenge folk kan opphalde seg i dette bygget om det t. d. er lenge dårleg vær eller om gondolen ikkje går.

Kommentar: Forslagnstillar viser til nytt vedlegg til planforslaget; Brannteknisk notat for toppstasjon/restaurantbygg, persontryggleik, 28.05.2022 og generelle oppdateringar i KU Samfunnsikkerheit (ROS-analyse), datert 28.05.2022. Problemstillinga skal vurderast nærmare i forprosjekt- og detaljprosjekteringsfase, iht. gjeldande krav i TEK17, og krav gitt gjennom driftsløyve etter taubaneforskrifta.

for Nordplan AS

